

# Vurderingskriterier i Naturfag

## Meland Ungdomsskule 8-10. klasse

*Det er kompetanse måla i LK-06 som skal vurderast. Desse kompetanse måla finn ein i årsplanen for faget, som ligg på heimesida til skulen. Elevane har også fått utdelt årsplanen i papirform.*

*Elevane har høve til å vise tileigna kompetanse på fleire måtar:*

- Prøver (skriftlege/munnlege)
- Gjennom munnleg aktivitet i timane, deltaking i faglege diskusjonar og samtalar omkring tema i.h.t. kompetanse måla.
- Gjennom elevforsøk (evne til å gjennomføre og levere elevforsøk). Ved elevforsøk har elevane moglegheit til å vise digital kompetanse ved innlevering på Itslearning.
- Eventuelle prosjektoppgåver/gruppeoppgåver kan også vera med i vurderingsgrunnlaget.

### Kjenneteikn på måloppnåing

Høy måloppnåing Karakteren 5 og 6	<i>Eleven viser god kunnskap i alle delar av lærestoffet, klarer godt å vise eksemplar på dette. Eleven viser god evne til greie ut, finne og vurdere samanhengar, finne årsaker og følgjer, og vurdere, forstå og forklare prosessar. Skriftlege presentasjonar/prøvar er oversiktlege og skikkeleg svart på med sjølvstendige formuleringar. Stort sett alle oppgåver viser solide kunnskapar i forhold til fagets lærestoff. Eleven greier å delta aktivt munnleg i stort sett alle faglege samtalar og diskusjonar. Eleven utfører elevforsøk på ein nøyaktig og sjølvstendig måte, samt leverer rapportar med sjølvstendige konklusjonar med høgt fagleg innhald (faguttrykk, tabellar, grafar o.l.). Eleven er flink å dra nytte av eksterne kjelder, eller andre delar av faget, som kan belyse lærestoffet.</i>
Middels måloppnåing Karakteren 3 og 4	<i>Eleven har varierande oversikt over lærestoffet. Kan ein del faktakunnskap, men har varierande evne til å sjå samanhengar. Klarar med litt hjelp å vise eksemplar og greie ut samanhengar, finne årsaker, vurdere, forstå og forklare prosessar. Eleven viser varierande munnleg kompetanse i timane. Eleven kan til ein viss grad vere munnleg aktiv, og delta i diskusjonar og samtalar. Eleven bruker ein del faguttrykk, stort sett på ein riktig måte. Eleven greier å gjennomføre elevforsøk, forsøksrapportar vert som oftast levert, men kan vera mangelfulle. Skriftlege presentasjonar/prøvar viser noko oversikt, men det kan vera fleire oppgåver som ikkje er svart på, er mangelfulle eller viser låg kompetanse.</i>
Lav måloppnåing Karakteren 1 og 2	<i>Eleven har litt oversikt over lærestoffet, men treng mykje hjelp for å vise dette. Greier å vere med og gjennomføre elevforsøk med mykje hjelp, men greier ikkje å levere rapport av arbeidet, og arbeidet er unøyaktig. Eleven kan vise noko kompetanse munnleg med mykje hjelp. Skriftlege presentasjonar/prøvar viser svært begrensa kunnskapar, og er formidla på ein uryddig måte med liten bruk av faguttrykk. Kan med mykje hjelp vurdere nokre samanhengar og finne årsaker.</i>

